

Medisin - verktøy for å redde liv eller å skaffe pengar?

I 1996 trådte Trips-avtala i kraft. Avtala vart trumfa igjennom av i-land, sterkt støtta av transnasjonale selskap innanfor WTO. Eit regelverk som sikra profitt for intellektuelle opphavsrettar var dermed etablert. Men midt i feiringa av eit nytt tusenår, kom illevarslande signal. Denne milepålen innanfor internasjonalt samarbeid betydde sjukdom og lidning for millionar av menneskje i mange utviklingsland. Medisinsaka og konsekvensane av Trips i praksis var brått på dagsorden.

Konflikten i medisinsaka sto om patentretten og eineretten farmasøytiske firma får over medisinar, skal gå framfor u-land sin rett til å behandle sjukdomsepidemiar og redde liv. Trips-avtala, «Agreement on Trade-Related Aspects of Intellectual Property Rights», sikrar eit minimumsvern av intellektuelle opphavsrettar. Minimumsvern er det svakaste rettsvernet eit medlem i WTO har lov å gi innehavarane som krev vern. Eit medlem kan dermed gi sterkare vern til innehavarane om dei ynskjer det. Eit sterkare vern betyr auka råderett over opphavsretten for selskap, land og personar, alt ettersom kven rettighetskapshavaren er. Det er patentinnehavaren som er tildelt eit rettsleg vern i Trips-avtala.

Patentrettane, som er ein av sju hovudkategoriar av intellektuelle opphavsrettar avtala skal sikre, har sitt utspring frå industrielle oppfinningar, og det er ikkje noko automatikk i at intellektuelle opphavsrettar skal ha eit patentvern. Patent kan definerast som ein avgrensa rett til å hindre andre i å nytte ein oppfinning til kommersielle formål. I Trips-avtala vert patent på levande organismar som hovudregel jamstilt med patenter på dødt materiale, med visse unntak.

Kopiar til 3,5 prosent av prisen

Medisinsaka blussa opp då Brasil, India og Sør-Afrika satsa på å produsere og handle med rimelege kopimedisinar og erstatningsprodukt for å få tilgang til medisinar for behandling av den eksplosive aukinga av Hiv- og Aids-tilfeller i befolkninga. 39 legemiddelfirma valte då å gå til sak mot myndighetene i Sør-Afrika for brot på patentreglane, deriblant Trips-avtala. Brasil vart på si side trua av USA med full handelskrig dersom dei valde å starte framstilling av kopimedisinar.

Argumenta til u-landa var at dei ikkje hadde økonomi til å skaffe medisinar til dei høge prisane legemiddelindustrien kravde, og difor var folkehelsa i fare. Utvegen deira var difor å bryte patentrettane til ulike føretak innan legemiddelindustrien, for å skaffe medisin til befolkninga rimelegare enn marknadspris, eller snarare «monopolpris». Det indiske føretaket Cipla tilbydde u-land medisinar til behandling av Hiv/Aids for 3,5 prosent av prisen dei multinasjonale farmasiselskapa kravde. Der Cipla tilbydde «Legar utan grenser» desse medisinarane for 3000 kr. per pasient i året, kravde dei Europeiske og USA baserte selskapa med patentrettane 88000-130000 kr. for tilsvarande medisinpakke.

I framkant av at samanslutninga av ulike legemiddelfirma stemna Sør-Afrika for brot på patentlovene, foreslo i-land alternative og kreative måtar u-land kunne skaffe seg tilgang til medisinar på. USA gjekk ut med tilbod til fleire u-land i Afrika om at dei kunne få låne ein milliard dollar i året. Gjennom slike lån meinte USA at u-landa kunne kjøpe medisinar til marknadspris, og samstundes søke å få bukt med aidsepidemien. Namibia og Sør-Afrika av slo dette heller spesielle tilbodet, og viste til at dei allereie sleit med enorm utlandsgjeld

og difor prioriterte å kjøpe medisin dei hadde råd til.

I Brasil gjekk den sveitsiske farmasigiganten Roche med på å redusere prisane på sin aidsmedisin med 40 prosent, etter krav frå helsemyndighetene i Brasil. Dersom Roche nekta å inngå dette kompromisset sto Brasil fast på at dei ville framstille medisinen sjølv.

I rettssaka mellom Sør-Afrika og dei 39 legemiddelselskapa valte dei farmasøytiske selskapa til slutt å trekke søksmålet i april 2001. Dette var eit direkte resultat av eit massivt press i media og i befolkninga om at industrien sette økonomisk profitt framfor å redde liv.

Blir såkorn neste sak

På grunn av medisinsaka, skal tolking og implementering av Trips søke å fremme både tilgangen til eksisterande medisinar og forskning og utvikling på nye medisinar. Denne harde striden mellom dei farmasøytiske selskapa sitt krav om vern av sine patenterte medisinar og retten til økonomisk avkastning, og u-land sitt motkrav om retten til å behandle sine sjuke og redde folkehelsa, gjorde at konsekvensane av Trips på nytt vart tema i WTO. Og i Ministererklæringa frå Doha står det at Trips ikkje skal hindre medlemmane i å setje i verk tiltak for å verne om folkehelsa.

Sjølv om det vart eit kompromiss mellom farmasiindustrien og Sør-Afrika i medisinsaka, er saka likevel sentral. Medisinsaka er berre ei av ei rekke saker som verserar, og den er ein peikepinn på kva fatale konsekvensar Trips kan føre til for fattige land og folk. Det er truleg heller ikkje den siste konflikten der Nord sine økonomiske interesser står i sterk kontrast til Sør sine behov.

Kva framtida bringer av konfliktar der økonomiske interesser i Nord ikkje samant med betre levekår i Sør, er uvisst. Men bønder si tilgang til såfrø kan vere eit stalltips. I internasjonal patentlovgiving er det opna for at såkornet til bønder, som er utvikla over generasjonar, kan verte patentert av private føretak som si oppfinning. Slike patent kan raskt resultere i at bønder i u-land mister innsatsfaktoren i produksjonen ved at den må kjøpast eller leigast. Då vert spørsmålet om ein har rett til å brødfø sin familie eller ikkje, utan å betale for såfrø ein sjølv har dyrka fram - i staden for om eit land har rett til å søkje å lege sine sjuke.

Og medan me ventar på neste strid mellom fattig og rik, har transnasjonale selskap sikra seg patent på ei rekke variantar av både mat-, før- og medisinplanter. Frå India har selskap teke patent på Basmatiris, nimitre og gurkemeje. Endog frå Afrika og enolabønner frå Mexico er andre patenterte vekstar.

Torbjørn Tuft

statsvitar, Landbrukets Utredningskontor



«Cipla tilbydde u-land medisinar til behandling av Hiv/Aids for 3,5 prosent av prisen dei multinasjonale farmasiselskapa kravde»



Redusert nei-argument

- Jeg er ikke i tvil om at WTO-avtalen vil gjøre et EU-medlemskap mindre problematisk. Nei-argumentet blir da litt redusert.

(Stortingsrepresentant (Ap) og tidligere landbruksminister Bjørn Håkon Hanssen til Avisenes Nyhetsbyrå)

Pengeflytting i EU-regi

- Pengene er flyttet fra bygda og grisebonden til Rimi-Hagen, Rema-Reitan og de andre store matvarekjedene. Norsk landbrukspolitikk og EU bedriver råkjør mot bygda. Aldri tidligere har økonomien i vår næring vært dårligere enn den er i dag.

(Grisebonde Sverre Siljan, Bjørkedalen, til avisa Varden)

Mindre melk gir mer korn

- En grunn til at kornavlingene har blitt større de senere årene kan være at mange har solgt melkekvoten sin, og lagt om fra gress til korn på åkrene.

(Bestyrer Viktor Olsen, Rindsem mølle, til Innbereds Folkeblad)

Satsing nødvendig

- Det har begynt å brenne under føttene på oss bønder. Skal vi overleve fremover, så er vi nødt til å satse. Mange ser på samdriften som en mulighet.

(Steinar Liium, medeier i samdrifta Austrått landbruk, til Adresseavisen)

Eigedsretten er truga

Etter vårt skjønn er den rådande landbrukspolitikken det største trugsålet mot eigedsretten til jord. Bønder i tusental legg kvart år ned drifta si, boltar att fjøsdørene og ser seg om etter anna arbeid. Dersom ein bonde ikkje kan leva av jorda si, heilt eller delvis, er sjølv sagt også eigedsretten til denne jorda ein rein illusjon.

(Leiar i avisa Ytre Sogn)

Jorda leies ut

- I løpet av de syv årene jeg har arbeidet med tilskudd i Asker og Bærum har antallet bønder gått merkbart ned. Men det dyrkede arealet har vært noenlunde stabilt. Bønder slutter i yrket og leier isteden ut jorda til nabogården.

(Fagkonsulent Wenche Grønvoold, landbrukskontoret i Asker, til Asker og Bærum Budstikke)

Sponheim furter

Bondelagets leder, Bjarne Undheim, har tillatt seg å mene at dagens regjering bør skiftes ut til fordel for en annen.

Uttalelsene i NRK fikk landbruksminister Lars Sponheim (V) til å tenne på alle pluggene.

Karakteristikken av Sp og Bondelaget som de siste dagers hellige går således inn i rekken av mange friske uttalelser fra Lars Sponheim. Vi synes det er greit. Tydelig tale er det for lite av i norsk politikk. Men det som ikke er greit, er den klart uttalte trusselen om at Bondelagets utspill vil få konsekvenser for forholdet til myndighetene i året som kommer. Da beveger Sponheim seg ned på et sandkassenivå. Han furter fordi Bondelaget helst vil leke sammen med andre.

(Leder i Hamar Arbeiderblad)

Lite rovdyrtpat

- Jeg har vært rovviltkontakt siden 1990 og har aldri opplevd så lite tap som i år.

(Rovviltkontakt Nils Samuelsen, Kåfjord, til Framtid i Nord)

Jerven forundrer

- I fjor hadde vi rundt et hundre meldinger som omfattet jerven. Oppdal er landets største sauekommune, med vel 40.000 sau på sommerbeite. Bare tre av skademeldingene kommer fra Oppdal. De øvrige tre er fra Rennebu. Det er så lavt at vi lurer på hva jerven har spist i stedet.

(Christian Klemetsen, Statens naturoppsyn, Sør-Trøndelag, til avisa Sør-Trøndelag)

Kultur- og tradisjonsberar

Bygdekvinnelaget er meir enn eit lag for bygda. Dei er ein kultur- og tradisjonsberar, eit godt døme på samarbeid og viser stor medmenneskelegdom. Laget inkluderer alle i sitt arbeid, sett ut i livet gode tiltak i bygda og kommunen, og fører vidare ein arv som er viktig å halde fast ved.

(Leiar i Vest-Telemark Blad)

